

RØLDAL FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2015

INNHALD:

- 1. Røldal statsallmenning**
- 2. Røldal fjellstyre**
- 3. Hytter og stølar**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt**
- 6. Fiske**
- 7. Ymse**
Røldalsmarknaden

1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg I Odda kommune I Hordaland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Deler av allmenningen ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg sør for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenningen ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 3 hytter som allmugen kan nytta og 4 stolar.

2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2012 – 2015 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Ellen Drangevåg	- vara: Håkon Sandal
Nestleiar:	Helleik Rabbe	- vara: Odd Inge Tvedt
Sekretær:	Randi T. Legård	- vara: Nils Gunvald Hamre
Styremedlem:	Torleif Fresvik	- vara: Morten Nilssen
Styremedlem:	Svein Myrheim	- vara: Oddbjørn Lynghammer

Fjellstyret har hatt 8 styremøte i 2015 og handsama 51 saker. Fjellstyreinformatjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). Sal av småviltjakt- og fiskekort har vore på 1 bensinstasjon, turistinformasjonen og Haukelisæter turisthytte. I tillegg har det vore selt småviltjaktkort på Inatur.no.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH),

7 fjellstyre er med her:

Røldal fjellstyre

Odda fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (92 fjellstyre).

3. Hytter og stølar

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn

Utanbygds: kr. 100,-

Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr.år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro.

Fjellstyret køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

Hytter:

Ninive 1202 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos, er ca. 30 m² og har 6 senger.

Eriksbu 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Hellevatnet like sør for Sandvikenuten, er ca. 35 m² og har 12 senger.

Gamblebua 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Hellevatnet, like nord for turisthytta, er ca. 25 m² og har 6 senger.

Denne hytta er blitt restaurert i tillegg til at det vart bygd nytt uthus/toalett i fjor.

Stølar:

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag. Hadlene har i år fått ny leigeavtale på 25 år.

Ståvassvika 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut. I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite. Grunnuren er reparert i år.

Midtfjellsvollen 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar. Her er skifta tak dette året.

Hadlene 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og agregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

Ulvabotnen 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut. Alternativ drift. Her er skifta tak i år.

4. Villreinjakt

Tildelt kvote 2014

Syd for E- 134

2 bukk

7 simle/ungdyr

14 simler

24 kalv

Nord for E-134 (Hardangervidda)

29 bukk/frie dyr

230 simle/ungdyr

50 kalv

Felling for 2014 blei 23,40 % på syd og
16,72 % på nord

Prisar på fellingsløyve av rein

Fritt dyr kr. 1200,-

Simle/ungdyr kr. 800,- (1600,-) utanbygds

Kalv kr. 400,- (800,-) utanbygds

Samjaksavtalar

Røldal fjellstyre hadde gjensidig samjaksavtale med HA 290 og HA 300 under heile jakta. Jegerar med kort på Røldal Statsallmenning kunne bruka kort frå HA 290 og HA 300 på heile Røldal Statsallmenning. Andre jegerar med kort frå desse valda kunne berre bruka dei inn til Turistvegen som før.

Avgrensa høve til overføring av jaktkort.

5. Småviltjakt

Det vart gjeve løyve til småviltjakt utan hund f.o.m 20. September

3/9 gjorde Fjellstyret vedtak om bag limit på 2 ryper pr. jeger pr. dag i tillegg til oppfordring om å begrensa antal jakt dagar og heller skyta kyllingar enn stamfugl.

Prisar:

1 dag kr. 190,-

2 dagar kr. 300,-

3 dagar kr. 400,-

Veke kr. 600,-

Sesong kr. 600,- (innanbygds) 1200,- (utanbygds)

6. Fiske

Prisar:

Garnfiske

Sesong kr. 250,- (innanbygds: + stong)

Stong

1 døger kr. 50,-

3 døger kr. 100,-

Veke kr. 150,-

Sesong: kr. 300,-

Garnfiske i Uravatnet har vore fritt då me slit med for mykje fisk. I øvre og nedre Hellevatn har det vore lovleg med 10 garn. Elles på allmenningen gjeld opptil 5 garn.

Me har felles fiskekortordning med dei andre fjellstyra på Hardangervidda.

Det vart sett ut fisk i desse vatna i 2014: Trossovtjørna, Øvre og Nedre Langevotna, Høsingvatnet, Skurvevatnet, Vassdalsvatnet, Tangensjøen og Holmavatnet.



7. Ymse

Røldalsmarknaden

Vi hadde som vanleg stand under Marknaden med søknadskjema for jaktkort og annan informasjon. I tillegg hadde vi Quiz som Hardangervidda Fjelloppsyn hadde laga. Premiar var jaktkort og jaktkniv.

Røldal, 26. mai 2016

Torleif Fresvik